



Klepp kommune

SENTRALADMINISTRASJONEN

Postboks 25
4358 Kleppe
Tlf 51 42 98 00

Det Kongelige Moderniseringsdepartement
Postboks 8004 Dep

0030 OSLO

MODERNISERINGSDEPARTEMENTET
ARKIVKODE
19 MAI 2005
SAKSB. KPA/
SAKSNR. 200501325-12

Saksnr	Løpenr	Arkivkode	Avd/Sek/Saksh	Dykkar ref
04/00343-006	007227/05	601	SEN/SEN/IU	200404123

OFFENTLEGE ANSKAFFELSER - ENDRINGAR REGELVERKET - HØYRING

Viser til høringsbrev av 6. april 2004.

Ein er tilfreds med at terskelverdien blir heva til 500 000 kr.

Men det burde ikkje vera naudsyn å samtidig innføra ei forverring ved at det nå blir innført ei ny byråkratisk ordning for innkjøp heilt ned til 50 000 kr.

Regelverket var er og ser ut til å bli omfattande og komplisert. Å hindre at det blir gjort formelle feil, er nesten ikkje til å unngå. Dette blir nå enda verre ved at det blir innført eit botleggingssystem.


Dagens ordning har påført norske kommunar store utgifter til auka byråkrati, og nyordninga vil neppe føra til noko reduksjon.

Tilliten til KOFA blant dei som kjøper inn, er liten. Det ser ut til at KOFA har som mål å finne kvar minste formalfeil. Det synest som om det å få opp prosenten med feil, er ein måte å driva opp eigne budsjett på. Det kunne kanskje også vore grunn for at departementet ser litt på kva bigeskjeft som dei tilsette i KOFA-sekretariatet har.

Ein vil frårå at det blir innført noko botleggingssystem.

Ein vil også frårå at etterforskning og domstol (botlegging) blir langt til same organ av prinsipielle grunnar. At etterforskar og dommar er same person, er lite utbreidd i moderne vestlege demokrati. Blir botlegging likevel innført bør det leggjast til eit anna organ, f.eks Konkurransetilsynet.

Klepp kommune, 12.05.2005


Ivar Undheim
rådmann